

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 3

September 2024

Årgang 90 år

Walk & Run 2024
390 000 kr til brannskadde barn i Etiopia



Einar Ekerhovd trer
av som sokneprest
S.4-5



...og Anette-Emilie
Gangstø trer inn
S.3



Bør preikestolen
brukast meir?
S.8-10



Kyrkjelydsweekend
15.-17. november
S.11



« Han innante – og broren »
27. september
S.20

FUSA sokn

Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandssosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Anette-Emilie Gangstø 45 28 02 78

Assisterande kyrkjevevjerje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Trusoppplæring

Gry Jeanette Mjelde 93 49 62 26

Hildegunn Myrliid Eide 97 65 01 55

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjørn 97 71 17 23

Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Fusa frivilligsentral 56 58 01 14

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandssosen

Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:

Fusa kyrkjeblad

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

Framsida:

Frå Walk & Run 1.juni 2024.

REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus hm629@kyrkja.no

Toril Hjørtaker Hauge th298@kyrkja.no

«Fåfengt, fåfengt»

Eg har denne sumaren lese gjennom Salomo sine skrifter i vår Bibel. Han var jo ein mann full av visdom og innsikt og var rikt velsigna av Herren. I hans tid som konge, 40 år, var det fred i landet. Han fekk æra av å bygge tempelet. Brukte 7 år på det. Bygde også ein bustad til seg sjølv og sine ca. 1000 hustruer. Brukte 13 år på det.



Sokneprest
Einar Ekerhovd

Hans forfatterskap er interessant, og det speglar hans liv. Han skreiv over 1000 songar og salmar, men berre 6 av dei er tatt med i bibelen. Men vi har rikeleg med stoff frå Salomo i Høgsongen, Ordtaka og Forkynnaren. Desse skriftene er blitt til i forskjellige faser av hans liv.

Høgsongen skreiv han når han var ung og forelska. Den er skreven til ei av konene. Kanskje den som han var verkeleg forelska i. Kunne ikkje alltid vera like lett å forholde seg til alle konene. Denne boka nemner ikkje Gud, men handlar om hjarteforhold og relasjon. Noko som er felles for alle menneske. Vi møter den unge, lystige mannen i denne boka. Full av pågangsmot og optimisme.

I godt vaksen alder skreiv han så Ordtaka. Han samla på slike og var sjølv full av visdom. Det var jo dette han hadde bedt om når han møtte Herren i ung alder. At han måtte få visdom til å styre folket som ein god konge. Sidan det var dette han bad om, skulle han få rikdom og ære i tillegg. Og det blei på mange måtar hans fallgruve. Og når han som eldre ser tilbake på sitt liv, så skriv han den litt depressiv boka «Forkynnaren».

Kva blei det av livet?

*Her hadde han fått alt av både jordisk rikdom og ære,
og så blir konklusjonen: «Fåfengt
– alt er fåfengt og forgjengeleg!»*

Kor gjekk det galt?

Slik det var på Salomo si tid, liknar litt på vår tid. Vi lever i eit land og ein del av verda som har alt vi treng og vel så det. Nettopp i slike tider er det lett å gløyme Gud. Om Salomo si tid står det at det var like vanleg med sølv som gråstein. Dei mangla ingen ting. «Forkynnaren» passar også i vår tid.

Det var mange som hadde ei brennande tru og stor iver i ungdommen for å fortelle om Jesus. Sjølv er eg eit resultat av Jesusvekkelsen. Vi var mange som gjekk heilhjarta inn for å leve det kristne livet. Så møtte vi livet med utfordringar, tidsklemme, skuffelsar og prøvelsar. Og ikkje minst, vi klarte oss godt med all rikdom og velstand vi hadde skapt. Men kor blei det av trua og engasjementet? Mange kom gjennom med ei tru, men også mange fall av undervegs. Og då er det godt å vita at i vår kristne tru er det aldri for seint til å vende om og kome heim.

Når konklusjonen skal trekkast etter eit langt liv og forfatterskap av fleire vesentlege bøker, seier Salomo: «*Dette er summen av alt du har høyr: Ottast Gud og hald hans bod! Dette er det som alle mennesker har fått*»

Det treng ikkje bli sagt om ditt og mitt liv: «Fåfengt, Fåfengt»



Velkommen Anette-Emilie!

Anette-Emilie Gangstø er ny sokneprest i Fusa etter Einar Ekerhovd. Einar vart pensjonist første september, og Anette-Emilie, som vart tilsett av Bispedømet i mai, stod då klar til å ta over. Ho kjem frå stillinga som kapellan i Os sokn.

Anette-Emilie er allereie godt kjend i Fusa sidan ho har hatt både gudstenester, gravferder og bibelundervisning i Fusa sokn dei siste åra. Dessutan er ho allereie ein del av kyrkjelyden sidan ho er gift med Oddvar og bur på Samnøy, og har difor sterk tilknytning og nærleik til Fusa-bygdene og folket her.

Frå talarstolen i kyrkjene våre kjem preikene i tida som kjem til å verta formidla på klingande sørlandsk, sidan ho er oppvaksen i Kristiansand, men kanskje òg med eit innslag av bergensk (der ho er fødd) eller telemark-dialekt (der ho var diakon og prest i fleire år) eller stavangersk (der ho òg var prest). Her i Fusa synest me dette er *Gasta greie* og håpar ho vil trivast hos oss, enten det er godvêr eller *klakje*, om arbeidet nokre dagar e *litt basje* eller det for det meste går *hivande*.

Guds signing over di teneste, Anette-Emilie!



Foto: Fusa sokn

Obs! Obs!




Da den nye soknepresten ble innsatt i bygda, sto stiftskapellanen fram under gudstjenesten og presenterte ham for menigheten. I sin hilsen kom han med følgende formaning: - Og så må dere ta vel imot den nye soknepresten deres, for dere må huske på at det er han som skal begrave dere.

Jostein Janøy. Salig er gleden. Den store humorboken. (2015)

Me minner om foto-konkurransen til Fusa-kalenderen 2025.

Temaet er **«Fusa midt på dagen»**. Motivet må passa til temaet, det må vera teke i Fusa-bygdene (Fusa sokn), og biletretinga bør vera liggjande.




Send bidrag til post.fusa@kyrkja.no innan **20. september**. Vinnaren får biletet sitt på kalenderen samt 3000,- kr. i premie.



HU MOR MÅ VERE MED!

Einar Ekerhovd sluttar som sokneprest i Fusa.

Tekst og foto: Ole Bjørn Eikeland



Ta det viktigaste først: Middag.

Middag?

Ja, middag!

I startintervjuet, då du byrja i Fusa september 2016, hugsar me «avtalen» mellom deg, fru Else, og kyrkjelyden: Viss du ikkje fekk lyden til å smile i løpet av preika, vart det ingen middag. Har det blitt mange middagslause søndagar?

Haha! Nei, det har blitt middag kvar søndag!

Middag eller ikkje: Det blir tomrom etter deg. Sko som vert vanskeleg å fylle.

Du står for klar forkynning, uredd, med rot i jorda blant Fusa-folket. Du er trygg i festleg lag, trygg i krevande alvorsstunder. Det set me uendeleg pris på!

Du er også familiemann, far, bestefar. Vi veit du har stor støtte frå kona Else, som også er eit unikt bønnemenneske.

Kan vi få skrive at de er eit godt team, Einar, Else og tre døtre?

Ja, døtrene var med då dei var heime, eg og Else er framleis eit godt team.

Det blir mange møte med menneske. Kva har gjort mest inntrykk?

Einar må tenkje seg om, men så kjem det: Den kjekkas-te plassen må vere helsetunet på Baldersheim, der eg kjem frå nett no til dette intervjuet. Der er alltid god stemning.

Men motsett, i situasjon med sorg, der verdige seremoniar er viktige som avskjed, det har gjort stort inntrykk på meg.

Er det noko du vil sakne når du no sluttar?

Ja, eg trur eg vil sakne det å vere prest på heiltid. Det har vore ein livsstil. Eg er opplært i den gamle skule av Fimmien (Per Fimreite), han sette standarden for det å vere prest for meg. Ja, det har vore ein måte å leve på som eg kjem til å sakne.

Kva er kjekkast å jobbe med, ungdomar eller vaksne?

Det må eg seie har endra seg. Heilt til dei siste åra likte eg meg best med ungdomar, konfirmantar. Eg har alltid hatt god kontakt med ungdom, men det kom til eit punkt der vaksne vart kjekkare. Enten har eg endra meg, eller ungdomane. Etter smarttelefonen kom, merka eg at dei endra seg, det vart vanskelegare å oppnå god kontakt. Så dei siste åra har eg trivst meir på møte på bedehuset.

Du har fått inspirasjon frå engelske kyrkjelydar, du har reist mykje «over there» Kva betyr dette for deg?

Dei som eg møtte i ungdomsrørsla Soul Survivor, dei har betydd veldig mykje. Dei seier ja til ungdomskultur, men har også veldig solid bibelforkynning med fokus på Jesus. Eg har god kontakt med Alpha-kyrkjelyden Holy Trinity Brompton, den kyrkjelyden som utvikla Alphakurs. Dette er drive i over 100 land, over 24 millionar menneske har teke Alpha-kurs. Også i Noreg, også i Fusa. Kanskje er dette det største felleskurset i nyare tid. Det skaper nye kyrkjelydar i heile verda. Eg prøver å reise til England kvart år i mai, saman med Else. Det vert arrangert leiarkonferanse i Royal Albert Hall i London, med 5000 menneske frå heile verda. Du kan trygt seie: Her er mykje fargerikt fellesskap.

Karismatisk, er det ein merkelapp du kan leve godt med?

Ja eg lever godt med det. Det betyr at eg trur på Den Helilage Ande, og reknar med Gud i min kvardag.

Kva for ein tekst i Bibelen likar du best å preike om?

Spontant kjem det frå Einar: Sjå på Fuglane på Himmelen! Matteus 6.25. Denne er fast på konfirmantgudstene.

Dette ordet, søk først Guds rike, har følgt meg frå eg var ung, og eg har rekna med Gud i kvardagen. Mykje av norsk kristenhet trur på Gud, men reknar ikkje med han.

Men engasjementet i Hauge Business Nettverk tek trua med i kvardag og i yrkesliv. Der er mest næringslivsfolk. Vi har faste bønnemøte éin gong i månaden, også éin

gong kvar veke i Bergen. Også her i Fusa er det bøn- nemøte etter same mønster.

Viss Jesus gjekk på jorda i dag, kva ville du snakke med han om?

Ting ville vore heilt annleis då. Så det er vanskeleg å seie. Kanskje dette: *Kvifor er du så sein med å svare?*, det ville eg tatt ein liten runde på. Men menneska er akkurat lik, no som då. Så me har ikkje utvikla oss på 2000 år.

Du er også bussjåfør. Finst det noko der som er likt med det å vere prest?

Javisst! Eg likar meg helst framme i lokalet! Meir seriøst: Eg omgast folk, trivst med folk. Men så er det også å gjere noko heilt anna, min måte å kople av. Som eit døme på dette: Etter at eg nyleg fekk 6 gravferder på rappen, då ringde eg Fana trafikkontor: - Har de ein jobb til meg, eg treng å kople om. Og det fekk eg.

Kva er størst i skaparverket, etter ditt syn?

Det er mennesket! At me er lik Gud, skapt i hans bilde. Mennesket er unikt, det er fantastisk. Men også naturen: Korleis ting heng saman. Eg skal til Nord-Noreg i sommar, der er naturopplevingane enorme. Mykje vakker natur har me her også, men mange klarer ikkje sjå det, dessverre tek me naturen litt for gitt.

Har du ein favorittsalme?

- «Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang.» Den har vore eit livsmotto.

Det er populært å spørje om den største tabben. Har du flausa deg skikkeleg ut, og tør du å nemne det?

Etter litt omtanke kjem soknepresten med det: Eg har spurd feil person om å gi sitt ja, ved alteret. Det var blant venner, så eg hadde ikkje skrive opp navna. Men eg spurde brura om ho ville gifte seg med venen til brudgomen, uff uff. Svaret var nei! Dette har eg fått høyre nokre gonger seinare! Fleire detaljar kan eg ikkje røpe....

Kva skal du gjere som pensjonist? Har du hobbyar? Jobbe som vikar?

Ja, eg tenkjer å fortsette i vikar-presteteneste, også køyre buss, og reise med Else. Døtrer og 8 barnebarn i Kristiansand, Oslo og Sotra må rekne med at dei får meir besøk. Vi har ikkje nokre andre sikre reisemål, men vi har kontaktar både her og der.

Ja, du må gjerne skrive at vi har campingvogn, vi dreg til Nord-Noreg på camping, Hobby? Ikkje noko bestemt. Nei, eg skal i alle fall ikkje skrive bok.

Så fortel Einar: Det er kjekt å få avslutte prestetenesta i Fusa. Det var her eg begynte, den gong i 1981 i Strandvik. Hugsar at eg hadde ein tale på 4 minutt og 30 sek. Biskop Lønning kommenterte tørt: «det var en kort, men til tider god preken!»

Eg har opplevd mange fine år her, 9 år ganske nøyaktig, med stort engasjement frå kyrkjelyden. Dette set eg stor pris på.



Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang
Jeg vil takke deg med mine ord,
For din nåde som er uten grenser
Og for godhet og kjærlighet stor
Jeg vil gjøre mitt liv til en lovsang til deg
La hver tone en hyllest til deg være
Og i dager med glede og dager med sorg
Vil jeg leve hver dag til din ære.
Ingen annen er verdig den sangen
Bare du, Herre, eier min sang,
og i himlen skal lovsangen lyde,
til din ære en evighet lang.

Ref....

Og om sangen iblant skulle stilne,
og forstyrres av uro og strid,
Herre, åpne på ny mine øyne,
så jeg ser at hos deg er min fred.

Matteus 6:25-27

Derfor sier jeg dere: Vær ikke bekymret for livet, hva dere skal ete og hva dere skal drikke, heller ikke for legemet, hva dere skal kle dere med. Er ikke livet mer enn maten, og legemet mer enn klærne? Se på fuglene under himmelen! Ikke sår de, ikke høster de, ikke samler de i hus, men deres* Far i himmelen gir dem føde. Er ikke dere langt mer verd enn de? Hvem av dere kan vel med all sin bekymring legge en eneste alen til sin livslengde?



Konfirmantar i Fusa sokn 2024



Fusa kyrkje 5.mai

F.v. bakerst: Emrik Furubotn Storum, Nikolai Rødseth Berge, Leon Sebastian Øygard Store, Inge Jia Ådland.

F.v. fremst: Amanda Rykkje Hjellvoll, Isa Mathea Holmefjord Lyhammer, Emilie Milde Vatnedal, Serina Storum, Helena Karin Gjerdevik.



Livsreis

Du skal dra ut i livet

Samla visdom

Fylla dine krukker

Ei med kjærleik til dine

medmenneske

Ei med omsorg for alt som lever

Ei med kunnskap om alt her på jord

*Ei med erfaring med å skilja det gode frå
det vonde*

Ei med tolmod for å skapa fred

Heis seglet og la båten segla av stad

Ta imot – gje -og få attende

Olaug Bjørndal

*Frå diktsamlinga Augneblink. Ta vare på
dei små stundene (2021), skriven og
illustrert av Olaug Bjørndal*



Hålandsdal kyrkje 11.mai

F.v.: Nathalie Rynning Berg Johannesen, Linea Tveit Gjerdevik, Thea Karin Skaftun, Trond Markhus, Isak Matheo Mella Kvamme, Hannah Lyhammer Sævareid, Mathilde Eikeland Gjøen, Ruben Aleksander Apalset Henriksen Aase.



Strandvik kyrkje 12.mai

F.v.: Nils Olav Jordalen Holven, Iver Merkesdal.



Sundvor kyrkje 4.mai

F.v.: Isak Gjerdevik Tveit, Kristine Anu-An Malkenes.



Utdeling av barnebibel for 4-åringar hausten 2024

Det vert to samlingar for deg som er 4 år (født i 2020)

1. Stor fellessamling for alle 4 åringar i Fusa sokn Eikelandsosen bedehus tysdag 17. september Kl. 17.00-18.00

Her vert det song/musikk, hoppeslott, bibelforteljing og popcorn.

2. Dei døypte borna i Fusa sokn får invitasjon til desse lokale gudstenestene:

Søndag 22.september i Hålandsdalen kyrkje Kl. 11.00

Søndag 29. september i Fusa kyrkje Kl. 11.00

Søndag 6. oktober i Sundvor kyrkje Kl. 11.00

Søndag 6. oktober i Strandvik kyrkje Kl. 16.30

På desse gudstenestene vert det utdeling av barnebibel for 4-åringar. Det vert også konfirmantpresentasjon.



KLUBBEN

Velkommen til Tweens! Klubben for dei frå 5.klassa og oppover!

Stad: Eikelandsosen bedehus

Dag: Fredagar

Tid: Kl. 18:00 - 20:00

Mange ulike aktivitetar og spel, andakt, kiosk og pizza. Hjarteleg velkommen til sosiale og gøye kveldar!!

Datoar: 23. aug, 20. sept, 4. okt, 18. okt, 1. nov, 29 nov, og 13. des.

Arr: Fusa kyrkjelyd

Ta kontakt med Gry Mjelde om du lurar på noko: 934 96 226.



Velkommen til babysong!

Song, musikk, regler og dans for barn i alderen 0- 2 år med foreldre!

Stad: Eikelandsosen bedehus

Tid: Mandagar kl. 10.00- 11.30

- 23. september
- 30. september
- 14. oktober
- 21. oktober
- 28. oktober
- 4. november
- 11. november
- 18. november
- 25. november: Foreldrefest med avslutning og utdeling av diplom.

Foreldre som har døypt barna sine i år, er også inviterte!



Påmelding: Innan 20. september til Hildegunn M. Eide tlf. 976 50 155

Pris: Kr 250,- (#Vipps til 90436 (Fusa sokn, deltakarbet.))

Ta med: Godt humør og matpakke. Me serverer kaffi/ te/frukt

VELKOMMEN!!

Arr: Fusa sokn i samarbeid med Bjørnafjorden kulturskule



Ta preikestolen i bruk igjen

Preikestolen er for lite brukt, sa ei stemme for ei tid sidan. Andre stemmer har også i det siste kasta fram ynske om at presten igjen må stiga opp på preikestolen når det er tid for preike i gudstenesta.

Tekst: Astrid Heidal

Å ta preikestolen tilbake er kanskje viktigast i store kyrkjer, men i dei fleste kyrkjer er det gode grunnar til å bruka preikestolen. Når eg sit i kyrkja, vil eg gjerne sjå presten. Mange gonger er det veldig vanskeleg fordi eg er liten, og store personar i benkeradene framfor skygjer for den som står ved lesepulten. For born må det vera uråd å sjå – og borna er vel blant dei viktigaste tilhøyrarane!

Eldre personar har ofte svekka høyrslé. Sjølv om høg-talaranlegg verkar som det skal i kyrkjene, er det nødvendig å sjå den som snakkar. Høyrsléhemma les på munnen.

Litt preikestolhistorie

Ein preikestol er ein oppbygd plass i kyrkja for predikanten i gudstenesta, der det blir lese fra Bibelen og preika.

Preikestolen er kjent frå 300-tallet. Med reformasjonen fekk ei slik forhøgning plass framme i protestantiske kyrkjer. Dette blei også vanleg i Noreg, i evangeliske forsamlingar.

I vårt land var gjerne preikestolane av tre. Dei eldste typane er frå slutten av 1500-talet.

Nødvendig med preikestol?

På 1540-talet fekk kyrkjevevjerene i oppgåve å få bygd preikestol i den kyrkja dei var sett til å skjøtta. Mange tykte nok dette var unødvendig. For utpå 1600-talet var det framleis mange kyrkjer i Noreg som mangla preikestol.

Men i Hålandsdalen sette dei i gang. På 1560-talet var det Niels Åse som var kyrkjevevjer for Hålandsdalen kyr-

Holdhus kyrkje
med Einar Ekerhovd
på preikestolen på
olsokdagen.

Dette er den eldste
preikestolen i Hor-
daland. Eit åttekanta
klenodium frå 1570
Foto Øystein Mollestad.



Hålandsdalen kyrkje
Preikestolen i Hålands-
dalen kyrkje var ny i lag
med kyrkja i 1890. Han
har trapp opp frå sakresti-
et. Preikestolen er bygd
i tre, etter arkitekt Karl
Askeland sine teikningar.
Foto: Terje Rød



Strandvik kyrkje
Preikestolen i Strand-
vik kyrkje har opp-
gang frå koret. Han
er laga i tre i 1883.
Oppå preikestolen er
ei handlist, trekt med
raudt, bleika ullstoff
med frynser.
Foto: Astrid Heidal



Fusa kyrkje
Preikestolen i Fusa kyrkje
er laga i tre på Hægland
trevarefabrikk i Os til
kyrkja som var ny i
1962. Då blei Fusa-kyr-
kja bygd opp att etter at
trekyrkja frå 1861 brann
ned 11.januar i 1959.
Foto: Astrid Heidal



KVA MEINER FOLK OM TA PREIKESTOLEN I BRUK IGJEN?

kje. Kanskje var det han som tok oppdraget på alvor, eller kanskje etterkomaren hans? For i 1570 kom det opp ein åttekant preikestol i kyrkja i Hålandsdalen. Han blei malt med den billegaste av fargane som fanst - såkalla engelsk raud. Han vart utskoren med karveskrudhjul og gotisk faldeverk, dekorert med ornament av ein type som går tilbake til seinmellomalderen.

I den gamle tømmerkyrkja, som no heiter Holdhus kyrkje, står denne preikestolen framleis. Han skal vera den eldste etter-reformatoriske som enno er i bruk i Noreg. På olsokdagen kvart einaste år i lange tider har det vore gudsteneste i Holdhus kyrkje. I seinare tid har presten oftast preika frå koropninga der.

Regler for Den norske kirke – fastsett av kyrkjemøtet 2015. § 8 Preikestol og lesepult.

«Preikestol og lesepult skal være slik plassert at forkynnelsen og lesningene høres overalt i kirkerommet og slik at predikant og tekstleser så vidt mulig kan sees av alle».

Sævareid kapell har lesepult som gjer nytte som preikestol. På den måten er kapellet midt i praksisen som alle kyrkjene i Fusa har nytta i mange år. Det er også i tråd med siste ledd i § 8 i «Regler for inventar»: Preikestol og lesepult kan forenes i ett og samme inventar. Det bør fortrinnsvis ha fast plassering.

Foto: Astrid Heidal



Sundvor kyrkje

I 1927 laga Engel Sundfjord preikestol i tre til Sundvor kyrkje som var nybygd året før. Først i 1980 fekk kyrkja lesepult, som Kåre Nordtveit laga.

Foto: Astrid Heidal



Annette-Emilie Gangstø.

Nytilsett, påtroppande sokneprest i Fusa sokn

Foto: Astrid Heidal

Jeg bruker preikestolen av og til. Det er pedagogisk viktig at folk skal se den som snakker. Når det er mange folk i kirken, går jeg gjerne opp på preikestolen. Det er lettere å kommunisere med forsamlinga når jeg ser tilhørerne – ikke bare dem som sitter lengst framme.

Men jeg beveger meg også gjerne nedover i kirkerommet når det er behov for det.

I begravelser er det ikke naturlig å bruke preikestolen. Og skal jeg snakke til barn, inviterer jeg dem gjerne fram i kirken og prater med dem fra golvet.



Norunn Rød Markhus.

Kyrkjelydspedagog i deltidsstilling i Fusa og prestevikar i deltidsstilling i Ullensvang med tenestestad Odda og Tyssedal.

Foto: Privat

Bør ein bruke preikestolen i kyrkja? Det er mange faktorar som spelar inn. Ved full kyrkje; Ja! I konfirmasjonsgudstenestene i Odda brukte eg i år preikestolen. Når me er samla ei handfull personar, brukar eg alltid lesepulten. Når me har gudsteneste med utdeling av materiell til barn, brukar eg ikkje lesepulten eingong, men samlar heller barna på golvet framme. Bruk av preikestolen vert då unaturleg og skapar for stor avstand. Me må lese situasjonen og kan ikkje fylgje ein praksis blindt. I Fusa har dei siste prestane ikkje brukt preikestolen. Eg trur det er eit medvite val: ein ynskjer å vere folkeleg og ikkje «heve seg over folke», men tale i augnehøgde. Presterolla har endra seg mykje dei siste åra. Før fekk presten autoritet i kraft av embetet sitt; i dag er personleg truverd og det relasjonelle arbeidet viktigare. På den andre sida har presten eit stort ansvar knytt til å forkynne Ordet! Tenesta vår handlar om å gje evangeliet til folket til styrke til livet og trua. Dersom då folk ikkje høyrer, har me heller ikkje utført tenesta vår på ein god måte. I vår kyrkje er prestetenesta knytt til å vere «rett kalla». Er ein det når ein stiller som vikar eller lekmann? Dette er ein stor diskusjon. Her vil eg nøye meg med å svare at det viktigaste er at me som gjer preste/forkynnartenesete har fått del i Kristi nåde gjennom Bibelens ord. Utan denne forankringa, hjelper det verken med lesepult eller preikestol!



Giovanni Salerno.

Teologistudent

Foto: Astrid Heidal

Jeg synes ikke at det hadde vært feil for presten å tale fra



prekestolen. Prekestolens plassering i kirken kan bli sett på som noe symbolsk, som mye annet i kirkene våre er plasseringen viktig. Det å tale fra prekestolen kan gi en grunnleggende følelse av at det som blir talt om, er noe viktig. Noe mer enn å bruke lesepulten. Det er ikke lenge siden jeg sist så at en prest talte fra preikestolen. Det var sent i januar 2024 i Sandvikskirke (Gudstjeneste for studenter).

Liker du best at presten held preika frå lesepulten? Nei, men det er vanskelig å si. Jeg har ikke opplevd mange som prekte fra prekestol - for å sammenlikne. For så vidt har jeg hørt prester som ikke brukte lesepulten heller, og det passet for dem. Det er opp til prestens talerstil. For noen passer det bra å ha taler fra prekestol/lesepult, mens for andre passer det nesten ikke.

Kanskje det hadde passet å bruke prekestolen til høgtider eller feiringer i kirken, når kirkene fylles opp av både kirkevante og fremmede. Da er det og lettere å følge med på det som skjer.



Miriam Sundfjord.

Student. Aktiv i kyrkja

Foto: Astrid Heidal

Det er veldig lenge sidan eg såg ein prest som bruker preikestolen. Eg er van til at presten bruker lesepulten og har ikkje tenkt over det. Men det er jo trist at preikestolen ikkje er i bruk. Han er jo der for ein grunn! Lesepulten blir brukt til alt. Det kunne jo vore litt forskjell på å lesa kunngjeringar og å lesa Guds ord og preika!



Iman de Zwarte.

Kantor

Foto: Astrid Heidal

Orda ”preikestol” og ”lesepult” er to sjølvforklarande ord - det vert preika frå preikestolen og lese frå lesepulten.

Eg synes det er eit regimessig betre trekk å preike frå preikestolen i staden for lesepulten, fordi det skaper avveksling i kva som folk ser: altarteneste ved altaret, tekstlesingane ved lesepulten og preika frå preikestolen.

Dessutan er mi erfaring at ein prest på preikestolen er betre synleg (presten står høgare, og det er ofte betre lysforhold i kyrkjeskippet enn i koret). Sjølv om ein no har moderne hjelpemiddel som mikrofon, forsterkar og høgtalar, er presten betre høyrleg om han/ho står på preikestolen.

Den opphøgde stilling på preikestolen er, i likskap med prestekjolen, med å understreke at presten ikkje står der i eigen person, men snakkar på vegne av Gud.



Rigmor Dalland.

Aktiv i kyrkjelyden

Foto: Astrid Heidal

Eg trur det blir større avstand mellom presten og folket om presten skal tale frå preikestolen. Det blir og meir høgtideleg når presten går på preikestolen.

I våre kyrkjer er det installert gode høgtalaranlegg, så det skal vere mogleg for alle å høyre kva som blir sagt frå lesepulten. Sist eg såg ein prest tale frå preikestolen, var i Strandvik kyrkje, for ca. 5 år sidan.

Eg meiner at det blir mindre avstand mellom presten og folket når presten held preika frå lesepulten. Og det blir ikkje så høgtideleg. Preikestolen kan bli brukt når mykje folk er samla til gudstjeneste, ved jubileum av ei kyrkje, besøk av biskopen og på julaftan.

Bør ein vere utdanna prest for å gå på preikestolen? Nei: Det viktigaste er at Guds ord blir forkynt.



Anne Gramstad.

Aktiv i kyrkjelyden

Foto: Astrid Heidal

Fordel med preikestolen er at det er lettare for alle å sjå presten. Det er lettare for hørselshemma å kunne lese på munnen. Ulempe er at det kan kjennast mindre inkluderande. Det er viktigare for oss kva prest me har, enn kor ho/han står og preikar.



Eva Pollen Eikeland.

Aktiv i kyrkjelyden

Foto: Astrid Heidal

Jo, jeg syns absolutt at de skal bruke preikestolen igjen. Blir lettere for alle å følge med når en ser presten godt. Men kanskje spesielt viktig for barna som ofte forsvinner nedi mellom benkene og voksne på alle kanter. Veldig viktig for oss som hører dårlig også - å ha ”fritt leide” til presten sitt ansikt.



Egil Samnøy.

Aktiv i kyrkjelyden

Foto: Astrid Heidal

Ja, når det er mykje folk i kyrkja, vil det vera nok praktisk å nytta preikestolen. Sist eg såg at ein prest tala frå preikestolen, var ved ei preike der ei kvinne var besøksprest i Fusa kyrkje. I seinare tid er me blitt vant med at presten preikar frå lesepulten. Eg har ikkje reflektert så mykje over det. Eg har opplevd ein gong at presten gjekk på preikestolen under ei gravferd. Det syntest eg ikkje var naturleg. Preika er ein tale på vegne av kyrkja. Difor var det stort sett berre ordinerte prestar eller andre som var godkjend av biskopen, som slapp opp på preikestolen. Men når ein er godkjend til å halde preika på vegne av kyrkja, bør også ”ulærde” kunne nytta preikestolen ved gudstenesta.

Kjelder: Våre kirker. Norsk kirkeleksikon frå 1993. Nettsøk: Norges Kirker. Store Norske leksikon





Kyrkjelydsweekend 15.-17. november 2024 Sætervika

Velkommen til kyrkjelydsweekend i Sætervika! Me ynskjer å samla alle aldersgrupper!
Denne helga vert det opplegg for heile familien.

Program:

Me samlast i Sætervika Kl. 18.00 fredag 15.november og reiser heim ved 14-tida etter middag på søndag.

Speidartur i lett terreng med bål og pølser, tarzanløype, fotball, bordtennis, strikkekrok, bibeltime for små og store, underhaldningskveld, familiegudsteneste, forfriskninger, kiosk og god mat.

Priser:

Barn under 4 år:	Gratis
4-10 år	1200
11-15 år	1420
Vaksen	1750
Max for fam:	4500



Sætervika er kjent for særs god mat. Me kjem til duk og dekkja bord til alle måltid.
Prisen dekker overnattinger med bad på alle rom.

Me ynskjer at alle som vil kan være med. Om det er utfordrande i høve pris, så gje ein liten lyd.

Ta med sengetøy eller sovepose. (Leige av sengetøy kr.150,-) Det er dyner og puter på alle rom.

Påmelding så snart som mogeleg,
men seinast innan onsdag 6. november.
Kyrkjekontoret tlf: 56580181 ev. SMS: 47500633
Epost: post.fusa@kyrkja.no



WALK & RUN 2024 – Rekordresultat

Det vart den folkefesten Fusa sokneråd håpa på 1. juni i Eikelandssosen. Med nærare 1000 menneske innom arrangementet og 390 000 kr i resultat må ein kalla arrangementet ein suksess. På grunn av Walk & Run 2024 i Eikelandssosen får om lag 39 barn i Etiopia ei ny framtid med håp!

Tekst og foto: Fusa sokn

Soknerådet og medarrangørane Fusa Frivilligsentral og Bruktbuo rettar ein varm takk til alle som har bidrege på ein eller annan måte til å hjelpe brannskadde barn i Etiopia gjennom dr. Einar Eriksen sitt arbeid i Children Burn & Wound Care Foundation, organisasjonen som driv arbeidet Walk & Run er til inntekt for. I Eikelandssosen 1. juni var det Jan Myklebust som representerte Children Burn & Wound Care Foundation. Han demonstrerte ein ny pelletsomn til bruk i jordhyttene på landsbygda i Etiopia, eit viktig førebyggjande tiltak mot brannskade.

«Kick-off» for årets aksjon var gruppa «Sjansespel» sin svært gode konsert for fullsett Holmefjord bygdaheim i slutten av april. I forkant av hovudarrangementet 1. juni hadde Strandvik Montessoriskule sitt eige Walk & Run -løp, og Fusa bu- og behandlingssenter sitt rullatorløp. Dei to løpa gav til saman 10 000 kr. Den 1. juni bidrog RØFF (Røde Kors Friluftsliv og Førstehjelp) med kunnskapsformidling og sminking av «brannskadar» på barn og vaksne. Friluftsklubben Noah selde grillpølser for nær 10 000 kr, og Ingeborg Hjartnes Grønevik samt ungdomsskuleelevar selde heimelaga armband for meir enn 10 000 kr.

35 lokale verksemder gav til saman om lag 150 000 kr til Walk & Run i år. Det er ei svært gledeleg utvikling frå 2022 då 17 lokale verksemder bidrog. Hjarteleg takk til Fusa Kraftlag SA, Stian Bekken AS, Dale Kjølleservice AS, Skåtun VVS AS, Øystein Boge AS, L Hjertnes AS, Hallvard Kolle, AS Epa Maskinstasjon, Hawkeye AS, Eide Fjordbruk AS, Malerfirma Kenneth Samnøen AS, AS Sævareid Fiskeanlegg, Bolaks AS, AS Femangerlaks, Malermester Alf Hjelle & sønn AS, Sunnhordaland Kraftlag AS, Fusa Auto AS, Alsaker Fjordbruk AS, Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS, Martin Aarseth AS, HI Berge Transport AS, Sol og Vindkraft AS, Strandvik Transport og Maskin AS, Rolland Bygg og Frakt AS, T Berge Anlegg AS, Steffen Berge, V Kolle AS, Fusa Ferdigbetong AS, Sparebanken Vest, Os- og Fusaposten, Eikeland Hagefix, Tønnegarden, Spar Eikelandssosen, Bunnpris Eikelandssosen og Kamille. Takk også til følgjande lag og organisasjonar: Eikelandsfjorden Sanitetslag, Lions Club Fusa, Fusa Sanitetsforening og Bjørnafjorden kommune.

Det største beløpet kjem frå folkehopen – alle som deltok på forskjellig vis; som deltakarar i løpet, som sponsorar av engasjerte familiemedlemmer, dei som åt kaker eller tok lodd eller svei av pengar på auksjon, dei som drakk saft, kaffi eller åt frukt sponsa av Bunnpris og Spar Eikelandssosen, dei som handla på Bruktbuo – som hadde rekordomsetjing den dagen - , dei som testa skotfoten på fotballarten eller forsøkte å dra den 12 tonn tunge lastebilen frå HI Berge transport, dei som kjøpte verdas dyraste grillpølser frå Noah, dei som tok ein køyretur i ein veteranbil. Og denne dagen hadde ikkje kome i stand utan alle medhjelparar frå Bruktbuo og deira aktivitetar, sekretariat, lydansvarleg, hjelparar på diverse stands og andre som hadde ansvar.

Takk til alle som har bidrege til folkefest og eit fantastisk resultat for Walk & Run 2024!

Du kan framleis gje ei gåve til Walk and Run

Gåver frå 500 kr gjev rett til skattefrådrag. Vipps 90436 (Fusa sokneråd) – Brannsk.barn Etiopia/Walk&Run. Du kan også betale inn på Fusa sokneråd sin konto 3530 25 86215. Merk «Brannskadde barn».

Takk for di støtte!



Speaker'ane gjennom dagen: Britt-Mari Gjerde og Harald Geir Sæther



Victoria Tverli Dale og Linda Cecilie Reigstad Matland frå Frivilligsentralen, her med auksjonsobjekta.



Eikelandsfjorden musikklag blæs det heile i gang.





Trillebårløpet for bedrifter på startstreken:
F.v.: Eikeland Hagefiks, Fusa sokneråd, Veterinærlaget.
Bak med gul hjelm står laget Maskinentreprenør Steffen Berge.



Veterinærlaget er erfarne og ambisiøse, men det er LHjertnes AS som vinn og tar med seg vandrepokalen til neste Walk & Run.



I klassen for privatpersonar vart også beste kostyme premiert. Margunn Sæther (t.v.) var ein sterk kandidat der, men måtte dei sjå seg slått av Steffen Berge (t.h.) sitt lag. Juryen meinte dei hadde hakket betre hovudplagg.



Trillebårløpet for privatpersonar vart vunne av ekvipasjen Oddvar Helland.



WALK & RUN 2024



WALK & RUN 2024



Fellesstart med Bjørnis og resten av brannkorpset.



Jan Myklebust frå Children's Burn and Wound Care Foundation mottar gåvesjekk frå Bjørnafjorden kommune.



Mange lag prøvde seg på å dra H.I.Berge sin lastebil på 12,5 tonn. Her får Eikelandsfjorden han på trill.



Ingeborg Hjartnes Grønevik selde sjølvlagde smykke for nesten 9000 kr.



Marthe Fredriksen-Nordtveit frå RØFF (Røde Kors Friluftsliv og Førstehjelp) viser påsminka brannskade på armen.



Harald Geir intervjuar Brynhild Markhus etter at ho har sprunge inn 8000 kroner ved hjelp av sponsorar.



Koralrevane runda tilstellinga av musikalsk.

Sorggruppe i Fusa-Hausten 2024

Diakoniutvalet i Fusa sokn i samarbeid m.Fusa frivilligsentral
ynskjer deg velkommen til sorggruppe.

Sorggruppe er ei samtalegruppe der du og dei andre deltakarane får snakka saman om korleis det er å leva med sorg etter å ha mista nokon. Å dela erfaringar og tankar kring sorga med andre trur me kan vera til hjelp for å stå i sorga.

Aktuelle datoer:

Mandag 30. september Kl. 19.00

Informasjonsmøte ang. sorggrupper og eit lite innlegg
i høve tema: Sorg

Mandag 14. oktober Kl. 19.00

Sorggruppe

Mandag 11. november Kl. 19.00

Sorggruppe

Mandag 2. desember Kl. 19.00

Sorggruppe

Stad: Fellesstova på omsorgsbustader ved FBBS

**Søndag 3. november er det allehelgenssøndag med
minnegudsteneste i Fusa kyrkje kl. 19.00.**

Denne søndagen vert alle som har mista nokon av sine
kjære sidan sist minnegudsteneste, særskilt inviterte.
Diakoniutvalet deler ut lys denne søndagen.

Påmelding til sorggruppe innan torsdag 10.oktober

Kyrkjekontoret tlf: 56580181

Ev. SMS: 47500633

Epost: post.fusa@kyrkja.no

Kontaktpersonar Bodil Samnøy (Tlf. 91693226)

og Hildegunn Myrliid Eide (Tlf. 97650155)



*<<Når det vi frykter skjer
går det an å mestre sorg
men vi trenger omsorg som et varmt teppe
rundt skuldrene våre mens vi fryser>>
(Tove Houck)*



*Sine Nomine: Dirigent Iman de Zwarte med
samme av songarane sine. Foto: Fusa sokn.*

Bli med i kor!

Kyrkjekoret startar opp att med øvingane sine torsdag 5. september
kl. 19.50 på galleriet i Fusa kyrkje. Øvingane er kvar veke og varar om lag
ein time. Kyrkjekoret består av 4 songglade damer og har plass til fleire.

Om du heller vil syngja i eit blandakor er kanskje **«Sine Nomine»** noko
for deg? Koret medverkar på enkelte gudstenester i soknet, men er
elles eit frittstående kor. Dei har øving kvar torsdag kl. 18:30 – 19:45
i kyrkjelydssalen i Fusa kyrkje. Kantor Iman de Zwarte leiår begge kor.

Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50
Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette
for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve.
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingje-
ring og fornying av skrift på gravminne samt
planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med
tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og
gjer førehandspris

Ring 406 11 817
Leivmagnar.fosse@gmail.com


L.M Fosse

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER


SVENN C. STORUM

 **951 56 327** storum@fusi.no



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend
Tlf.: 96 92 46 50
post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no



Fusa
Ferdigbetong as

5640 Eikelandssøsen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no

ah MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

FARGERIKE
HJELLE

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880
E-post: firmapost@alfhjelle.no

SPAR



Fusa

Man-fre 07-21

Lørdag 09-20

Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - Fax 5658 1656 - Mob 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Eide

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A

STRANDVIK
Transport og Maskin AS

5643 STRANDVIK □ strandvik.no ■ dulten@online.no
☎ 56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592

Norheimsund
TRYKKERI AS

Tlf. 45 85 32 46
post@nhstrykk.no

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Grafisk design og trykkeri

BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSØSEN



BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeiklandsosen@bunnpris.no



Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook

SPAR

Eikelandsosen

Opningstid **8-21**

Laurdagar **9-20**

Tlf. 56 58 00 90

SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER

www.spv.no



Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR
FRÅ BJØRNAFJORDEN

Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historiefremming på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ
OMSORG VED LIVETS SLUTT
DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09
SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER/FRAKTFRIITT TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Hordaland A/S

56 58 09 90 hordalandrørteknikk.no

post@hrt.as Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Strøyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

Malerfirma

Kenneth Samnøen

5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38

HERBALIFE ERNÆRING

Selvstendig Herbalife Medlem

- Med produkter for:
- vektkontroll
 - vitalitet og overskudd
 - kosttilskudd for trening og idrett
 - hud- og kroppspleie
 - inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!
Spør etter gratis prøvepakke,
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

https://signeg.goherbalife.com/nn-no

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no

Sentralgodkjent rørleggerfirma






Barnas



Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Per hadde fått nye briller, og mor hans spurde han:
- Ser du bra med dei nye brillene, Per?
- Ja, pappa!

To nåler sat på ei benk og kjeda seg. Så sa den eine:
- Kom, så stikk vi!

Vitsar


Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn fem feil



Herviser Jesus seg etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet under?

Kryssord

- | | | |
|----|-----------------|------------------------------------|
| 1. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Bygning i Apostelgjerningane 15,16 |
| 2. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Konge i Matteus 2,3 |
| 3. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Dyr i Matteus 21,2 |
| 4. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | By i Apostelgjerningane 18,1 |
| 5. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Konge i Romarane 4,6 |
| 6. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | By i Lukas 7,11 |
| 7. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Stilna i Matteus 14,32 |
| 8. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Kvinne i Johannes 20,11 |

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.



Teikning: Faye Simms



Gudstenester i Fusa sokn

01.09.2024 – 01.12.2024

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
01.09.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	15. søndag i treeiningstida
08.09.	11:00	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	16. søndag i treeiningstida
15.09.	12:00	Eikelandsosen bedehus	Ungd. gudsteneste i samb. m/leir	17. søndag i treeiningstida
22.09.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	18. søndag i treeiningstida
29.09.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	19. søndag i treeiningstida
06.10.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	20. søndag i treeiningstida
06.10.	16:30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	20. søndag i treeiningstida
13.10.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	21. søndag i treeiningstida
13.10.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	21. søndag i treeiningstida
20.10.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Gudsteneste	22. søndag i treeiningstida
27.10.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Bots og bøneding
03.11.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Helgemessesøndag
03.11.	19:00	Fusa kyrkje	Minnegudsteneste	Helgemessesøndag
10.11.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	25. søndag i treeiningstida
17.11.	11:00	Sætervika	Gudsteneste i samb. m/weekend	26. søndag i treeiningstida
24.11.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Kristi Kongedag
24.11.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Kristi Kongedag
01.12.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Første søndag i advent

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå Kyrkjebøkene



Dåp

Fusa kyrkje

19.05.2024 Liam Heidal-Austestad
16.06.2024 Olav Almås Naustheller
30.06.2024 Charlotte Lovise Haugen

Hålandsdal kyrkje

22.06.2024 Birk Berlandstveit
18.08.2024 Ida Eikeland Johansen

Strandvik kyrkje

12.05.2024 Eirik Næss Kolle
04.08.2024 Mika Alexander Levang
25.08.2024 Martina Da Rosa Aksnes



Vigde

Peraneset, Fusa

01.06.2024 Cathinka Rasmussen og Lennart Strøm

Fusa kyrkje

14.06.2024 Reidun Eikeland og Øystein Havsgård

Skjelbreid Poirée

15.06.2024 Helene Hopsdal og Kim André Rauset Skogli

Strandvik kyrkje

24.07.2024 Kine Hedin og Kenneth Johannessen



Gravferd

Fusa kyrkje

16.05.2024 Sigfrid Gjøen, f. 08.12.1959
20.06.2024 Nils Øystein Haga, f. 01.06.1932
27.06.2024 Oddvar Kjosaa, f. 18.03.1950
28.06.2024 Mons Johannes Helland, f. 09.10.1949
03.07.2024 Liv Mette Sandvik Hagen, f. 27.06.1949
16.07.2024 Trygve Holmefjord, f. 03.08.1936
18.07.2024 Synnøve Kornelia Samnøy, f. 12.10.1937
22.08.2024 Herborg Eikeland, f. 06.03.1935
27.08.2024 Linda Solheim Byrknes, f. 12.06.1964

Sævareid kapell

31.05.2024 Mally Alfild Engevik, f. 04.12.1938

Strandvik kyrkje

06.06.2024 Johannes Kvåle, f. 18.02.1936
11.07.2024 Haldor Tuft, f. 24.09.1944
08.08.2024 Astrid Kirsten Vindenes Dale, f. 25.02.1932

Sundvor kyrkje

14.06.2024 Oddvar Erling Glesnes, f. 26.06.1944
09.07.2024 Marta Hestenes, f. 14.11.1934
16.08.2024 Kjell Helge Åsvang, f. 03.01.1947

Hålandsdal kyrkje

22.06.2024 Charlotte Larsen og Tomas Bjørkås
22.06.2024 Anette Berlandstveit og André Storskjær
10.08.2024 Kristine Lyngbø og Erlend Wollan Johnsen



Fusa kyrkjeblad 90 år: nr. 3:2024

Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

Dåpsskule for 5- og 6-åringar

I mai/juni fekk alle døypte 5 og 6 åringar invitasjon til dåpsskule. Stor stas med gardsbesøk. På programmet var det ei samling med bibelforteljing, song og frukt. Etter det tok bonden oss med til alle dyra på garden.



Stor aktivitet på Indrebø gard. Me fekk helsa på sau og lam. Hesten var ekstra stas å helsa på. Barna hadde med seg gulrot som fjordingen fekk. Takk for at me fekk koma!



I Djupvik fekk me ei fin stund i hagen. Perfekte forhold. Stor stas var det også å helsa på dei flotte mjølkekyra. Me fekk også være med på å plukka egg hos hønene. Mange hadde aldri vore med på det tidlegare. Takk!



Her får hønene besøk i Holmefjord på Søregarden. Spannande var det også med 19 store hundar som nyttast til hundeløp. Her var det også nærkontakt med lam. Ekstra kjekt å sjå når dei drakk mjølk. Takk!

Han innante – og broren

Fusa sokn inviterer til humoristisk inspirasjons-samling på Eikelandsosen bedehus

fredag 27. september kl. 19.00 med «Han innante og broren», alias Torolf og Arne Nordbø.

Desse er særskild kjende for sine tolkingar og skråblikk på livet i kyrkje og bedehus på sørvestlandet, men og på livet i utkant-Noreg generelt. Her blir det både musikalske godbitar og full strekk i latter-muskulaturen med revy, satire, basar og gjenkjennelege karakterar.

Gratis inngang – alle er velkomne!

-Soknerådet

